

Nye store kontrakter med Ulstein Verft

FLORØ: WIS Installasjon AS har inngått tre nye store kontrakter med Ulstein Verft om rørarbeid på nye skip.

Kontraktene gjer at WIS-gruppa vil ha opp mot 150 personar i arbeid i Ulsteinvik til hausten. To av kontraktene gjeld to nye seismikkskip som Ulstein Verft

skal levere til selskapet Polarcus. Skipa er av Ulstein sitt design SX134 og blir bygd for å kunne operere i arktiske farvatn under barske isforhold. Ulstein Verft skal levere dei to skipa i mars og i juni neste år, melder INC Nytt. WIS Installasjon skal montere alle rørsystem i maskinrom, tankar, dekk og akterskip på dei to

fartøya. Jobben gjeld ca. 40 rørsystem i kvart skip og WIS startar på arbeidet på det første skipet i slutten av august og på det andre i desember. Den tredje kontrakten gjeld eit nytt forsyningskip. Fartøyet skal vere ferdig i januar 2012. Også her har WIS Installasjon oppdraget med montering av nærare 40 rørsystem. Dei nye

kontraktene fører til at selskapa i WIS-gruppa vil ha opp mot 150 personar i Ulsteinvik utover hausten og vinteren. Så mange har dei aldri tidlegare hatt i arbeid i Ulsteinvik. – For WIS-gruppa var det viktig å vinne desse kontraktene, for å sikre den store aktiviteten vi har, seier dagleg leiar Jørgen Agledal.



Mann drukna utanfor Selje

Torsdag fekk politiet melding om ein båt som låg drivande med motoren i gong i fjæresteinane ved Selja/Seljøya. Det skriv Fjordenes Tidende. Ein person vart funnen i sjøen like ved og vedkommande blei forsøkt gjenoppliva utan hell. Eit Sea King-helikopter og Redningselskapet, samt politi og ambulanse var på staden. Mannen, som skal ha vore i 50-åra vart bekrefta omkommen klokka 14.45. Politiet etterforskar no saka.

Politiet treng tips etter innbrot i båt

Politiet, ved Jan Tore Sunde melder om innbrot i ein privatbåt ved Furuholmen båthamn. Låsen til lugaren skal ha vorten broten opp og vedkommande skal ha tatt seg inn og stole fiskeutstyr som stong, sneller og ein kikkert. Dette skal ha skjedd ein dag mellom 21. og 26. juli og er anmeldt av båteigaren. Politiet etterforskar saka og ynskjer no tips frå publikum som kan ha sett noko i denne tidsperioden.

Slutt på seismikkskyting

Det blir no slutt på seismikkskytinga utanfor Måløy, skriv Firda på nett. Seismikk går ut på å skyte kraftige lydølvgjer i havbotnen for å undersøkje om det fins olje eller gass og dette har gått sterkt utover fiske i området. Dorgefisket etter makrell opna måndag 1. august og mange båtar har komme tomme til land på grunn av skytinga. Fiskarlaget har vore i kontakt med fleire statlege instansar og har altså lukkast å nå fram.

Sjømateksporten gjekk ned i juli

Seafood.no skriv i ei pressemelding at sjømateksporten gjekk ned i juli samanlikna med same månad i fjor. I juli i år vart det seld sjømat for 3,5 milliardar kroner, noko som er ein nedgang på 269 millionar kroner eller sju prosent frå i fjor. Trass desse tala melder likevel Eksportutvalet for fisk om rekordår så langt med eksportert sjømat for 29,3 milliardar kroner og ei auke på 1,6 milliardar i forhold til i fjor



GLASBROT: Etter ungdomsfestar på Sørstrand er det ikkje uvanleg at det ligg att knuste flasker. Jan Henrik Nygård og Magne Hovland i Sørstrand folkepark meiner det er positivt at ungdommen vil bruke området til å ha det kjekt, men ber innstendig om at dei ryddar opp etter seg etterpå og ikkje ligg att glasbrot som dei minste kan tråke på.. Foto: David E. Antonsen

Knuser flasker på stranda

■ Sørstrand Folkepark ber folk ta meir ansvar

FLORØ: I det siste har knuste flasker og glasbrot blitt eit aukande problem på badestranda på Sørstrand. Glasbrota kan i verste fall skade dei minste av badegjestene.

DAVID E. ANTONSEN
david@firdaposten.no

– Fleire og fleire turgåarar melder om knuste flasker og glasbrot på Sørstrand. Som regel finn dei glasbrota etter ungdomsfestar.

Det konstaterer styreleiar i Sørstrand Folkepark, Jan Henrik Nygård, medan han og Magne Hovland er på synfaring nede på byens nyaste og kanskje mest populære sandstrand.

I sanden mange born bruker leike i på varme sommar dagar, og

FAKTA

Sørstrand folkepark

- Den frivillige foreininga Sørstrand folkepark har teke på seg å opparbeide eit friluftsområde på 130 mål sør på Sørstrand. Anlegget har badebass og parkanlegg. Kommunen eig området, som ligg like aust for stripa på flyplassen.
- På kort tid har Sørstrand blitt eit populært rekreasjonsområde for mange, og er godt brukt om sommaren.

langmed svaberga, ligg det fleire knuste flasker og glasbrot strødd omkring.

Glas der borna badar

Stranda blir flittig brukt på dagtid av folk som badar, men den blir også brukt som samlingspunkt om kveldane.

– Vi i folkeparken synest det er

hyggjeleg at stranda har blitt eit samlingspunkt for ungdommen. Og mange av dei tek ansvar og ryddar opp etter seg. Men framleis er det dei som ikkje bryr seg i det heile, seier Nygård og poengterer:

– Glasbrot i sanden vil gå ut over trivselen til alle som bruker området. Det vil også vere farleg om glaset endar opp der små born går berrbeint når dei badar.

Ber ungdommen ta ansvar

Nygård og Hovland håpar at ungdommen sjølv kan følgje betre med, og ta initiativ til ein haldningsendring. Til dømes ved å organisere ein eigen «Sørstrand Folkepark Ungdom»-gruppe. Dei ber samstundes foreldre vere merksam.

– Foreldre til ungdom som skal på fest på Sørstrand, må oppfordre borna sine til å ta meir ansvar

når det gjeld flaskekninging, seier Nygård.

Så langt har mange turgåarar som nyttar området plukka opp det dei ser av knust glas på sandstranda og i området kring.

– Det er vi glade for, og oppfordrar samstundes fleire som går der til å rydde vekk det dei ser.

Ingen organisert opprydding

Så langt har ikkje Sørstrand folkepark sett i gang ein organisert opprydding.

– Vi ser helst at vi kan fokusere dugnadsinnsatsen på viktigare ting enn å plukke opp glas og søppel. Vi ønskjer å vidareutvikle området i staden for å bruke tid på dette. Vi ikkje vakter som følgjer med, så vi kan berre oppfordre til ei haldningsendring, seier Nygård.